

Stadion laks AS
 Grovabrotet 8
 5600 Norheimsund
www.stadionlaks.no

12-12.2021
 Vår ref: O.J.Sagen

Vestland Fylkeskommune
 Postboks 7900
 5020 Bergen
post@vkfk.no

Søknad om endring i anleggskonfigurasjon ved lokalitet Djupevik (10338) i Kvam herad

Stadion laks AS søker med dette om å endre eksisterande anlegg ved lokalitet Djupevik innanfor området som er avsett til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden inneber kapasitetsauke på 299 Tonn for å kunn plassere utviklingskonsesjon til semi-lukka anlegg med slamoppsamling.

Bakgrunn for søknaden – presentasjon av Lingalaks

Stadion laks AS fekk i 2020 utviklingskonsesjon på 1849 MTB for å utvikle eit semi lukka konsept, Stadion basseng 120m langt og 45m breidt. Bassenget skal skjerme laksen for lakselus og sjukdomar ved å ta inn vatn frå djupet og ein skal samle opp slam. Betongkonstruksjonen skal vere så sterkt at ein unngår rømming. Seksjonert konstruksjon hindrar også at den skal synke ved ekstreme situasjoner. Sjå www.stadionlaks.no. FRAM Innovation og Lingalaks AS eig selskapet ilag og utviklar konseptet. I desse dagar er Stadionlaks med Lingalaks og FRAMO i spissen i ferd med å realisera eit lukka flytande produksjonsanlegg gjennom utviklings-konsesjonar tildelt i 2019. Oppstart drift er planlagt i 2023. Lingalaks AS skal drifte konsesjonane iht sine prosedyrer.

Lingalaks AS er eit familieeigd selskap som vart stifta og starta opp i Hardanger i 1978. I dag har selskapet 10,2 konsesjonar, og produserer laks på i alt 15 matfiskanlegg. Desse er fordelt i Hardangerfjorden, i Alver, Bømlo og Karmøy. Hovudkontoret til Lingalaks ligg i Norheimsund i Kvam herad, og selskapet bidreg med si drift til lokale arbeidsplassar i fleire kommunar med totalt 54 årsverk. Lingalaks sine kjerneverdier er å kvar dag arbeide *ærlig, kvalitetsbevisst og framtidsretta* – og såleis syte for gode laksemiddagar til forbrukarar i heile verda, og ikkje minst lokal sysselsetjing i ein berekraftig sjømatproduksjon. Lingalaks er ei godkjend lærebedrift i akvakulturfaget og har i dag 3 lærlingar i opplæring tilknytt Ytre Hardanger opplæring.

Berekraft står sentralt hos Lingalaks: Me er opptekne av å ha godt miljø i og rundt anlegga, og gode tilhøve for husdyra våre. Målsetjinga vår er null utslepp og ressursar på avvege, og me arbeider kontinuerleg for å finne innovative løysingar for næringa. I denne samanheng vert det jamnleg utarbeidd berekraftsrapport for firmaet, for å kunne målbevisst redusere fotavtrykket. Lingalaks deltek i miljøkartleggingsarbeid i Hardangerfjorden som Marin overvåking Hordaland og villfiskprosjektet Salmon tracking. Dette er og ein viktig del av Lingalaks sine kjerneverdier. Lingalaks er Global Gap-sertifisert og har oppnådd ASC-sertifisering. Dette er internasjonale standardar med høge krav til berekraft, dyrevelferd, miljøvern, kjemikaliebruk og

arbeidstillhøve. Me nyttar kun nøter utan kopar i Lingalaks, og har nær elektrifisert alle flåter. Desse to punkta er viktige i berekraftsperspektivet.

Samfunnsansvar og berekraft går hand i hand, og Lingalaks bidreg lokalt både innan helse, idrett og kultur. Årleg gjennomfører Lingalaks, med alle tilsette, plastrydding i strandsona i samarbeid med kommunen. Arbeidet er svært nyttig i seg sjølv, men har og ei viktig haldningsskapande funksjon i bedrifta og i lokalmiljøet elles.



Behov for endring i anleggskonfigurasjon

For å få plass til Stadion bassenget, samt optimalisera drifta med omsyn til miljøtilhøve, ynskjer Stadion laks og Lingalaks å utvide rammefortøyingane til eksisterande anlegg på Djupevik i sørvestleg retning (sjå vedlagt kart). Anleggsområdet vil verte utvida med 200 meter sidevegs og 75 meter utover i fjorden, men vil framleis vere innanfor akvakulturområde som anlegget ligg i per i dag (innanfor vedteken kommuneplan).

Lokaliteten Djupevik er svært godt eigna for matproduksjon av laks, med gode - miljøtilhøve for laksen og landstraumtilgong. Me vil utvide anlegget for å få på plass Stadion bassenget og samstundes ha plass til merdar, for å ha desse som reserveløysing om det skulle bli behov i utprøvingsperioden. Sidan det er slamoppsamling i Stadion bassenget søker me om utvide MTB på lokaliteten med 239 Tonn, til 1849 MTB for å plasser ut Stadion basseng tillatelsane på lokaliteten.

Driftsforma vil vere tilsvarande som i dag, med utsett iht soneinndelinga og nødvendig brakkleggingsperiode. Det vil også vere mulig å bruke anlegget til skjerma påvekst produksjon av 1-2 kg laks. Smålaksen blir så flytta, for ei kortare tid, til opne matfisk lokalitetar. Fôringa vil skje med kameraovervåkning frå fôrsentralen til Lingalaks AS i Norheimsund slik som er praksis er i dag.

Me vonar på snarleg og positiv handsaming av søknaden vår.

Med venleg helsing
Stadion laks AS og Lingalaks AS

Erlend Haugarvoll